

Rekvirentkode  
Rekvirentens navn  
og adresse

Fødselsnr

Navn

Adresse

Poststed

Kvinne  Mann

Prøven tatt dato

kl

Prøvetaker

Klinisk problemstilling:

### Analyse:

**IGRA-TB** (Quantiferon-TB)

### Inkubering:

Fra: Dato: \_\_\_\_\_ Klokkeslett: \_\_\_\_\_

Til: Dato: \_\_\_\_\_ Klokkeslett: \_\_\_\_\_

### Prøven er:

Usentrifugert

Sentrifugert (**NB:** prøven må oppbevarast og transporterast kjøleg!)

# IGRA-TB (Quantiferon)

## Prøvetaking, prøvebehandling og transport

### 1. Prøvetaking

- Bruk helst vanleg sikkerheitskanyle. Ved bruk av butterfly-kanyle, skal det først tappast eit kasterøyr for at første røyret i prøvetakingssettet skal bli fylt tilstrekkeleg.
- Røyra må fyllast **innanfor svart strek** (1 ml), i valfri rekkefølge. Røyra trekkjer blodet sakte, så lat dei få 2-3 sekunder ekstra på nåla.
- Dersom røyret ikkje vert korrekt fylt, skal det takast nytt røyr. **NB:** Underfylte røyr vert avviste!
- 4 spesialrøyr: Grå, lilla, grøn og gul kork.
- Rist røyra godt 10 gonger straks etter prøvetaking, slik at innvendige flater av røyret blir dekkja med blod.

### 2. Prøvebehandling

Behandling av prøver ved ulike «stadier»:	
FØR inkubering	<ul style="list-style-type: none"><li>o Plasser røyra ståande i stativ i romtemperatur (17°C – 27°C)</li><li>o Røyra skal <b>inkuberast snarast</b> mogeleg - og seinast 16 timar etter prøvetaking</li><li>o Dersom de ikkje kan inkubere røyra sjølve, skal dei sendast snarast mogeleg til sjukehuslaboratoriet, sjå punktet «Transport»</li></ul>
VED inkubering	<ul style="list-style-type: none"><li>o Bland røyra på nytt 10 gonger - straks før inkubering</li><li>o Røyra skal inkuberast <b>ståande</b> ved 37°C i min. 16 timar – maks. 24 timar</li><li>o <b>NB!</b> Merk etikett på røyret med «Inkubert»</li></ul>
ETTER inkubering/ FØR sentrifugering	<ul style="list-style-type: none"><li>o Etter inkubasjon kan røyra oppbevarast i temperatur mellom 4°C – 27°C i opp til 72 timar før sentrifugering</li><li>o Sjå punktet «Transport» for sending av inkuberte, usentrifugerte røyr</li><li>o Røyra skal som <b>hovudregel</b> sendast usentrifugert til laboratoriet etter avslutta inkubering</li></ul>
VED sentrifugering	<ul style="list-style-type: none"><li>o Prøverøyra sentrifugerast i 15 minutt ved 2000 – 3000 x g</li></ul>
ETTER sentrifugering	<ul style="list-style-type: none"><li>o Etter sentrifugering må røyra oppbevarast kjøleg (2°C – 8°C) fram til sjukehuslaboratoriet</li><li>o Sjå punktet «Transport» for sending av sentrifugerte røyr</li></ul>

### 3. Transport

Krav til transport av prøver ved ulike «stadier»:	
Uinkuberte røyr	<ul style="list-style-type: none"><li>o Må vere framme på laboratoriet innan 16 timar etter prøvetaking</li><li>o Kan <b>kun</b> sendast med hentetjeneste/bud (ikkje med postsending)</li><li>o Må vere framme på laboratoriet <b>innan kl. 16:30</b> (seinast kl. 19:30) <b>mandag - fredag</b></li></ul>
Inkuberte, usentrifugerte røyr	<ul style="list-style-type: none"><li>o Må vere framme på laboratoriet <u>seinast 72 timar etter avslutta inkubasjon</u></li><li>o Kan sendast med hentetjeneste/bud/post (Ekspress over natt)</li><li>o Røyr kan ikkje sendast med post fredag eller dagen før høgtid</li></ul>
Sentrifugerte røyr	<ul style="list-style-type: none"><li>o Må sendast med kjøletransport (2°C – 8°C)</li><li>o Kan sendast med hentetjeneste/bud</li></ul>

### 4. Meir informasjon

[www.analyseoversikten.no](http://www.analyseoversikten.no) (søk etter IGRA-TB)